

BACHELOROPPGÅVE

Ettervern - rusproblematikk

Kva ettervernstiltak kan kommunen bidra med for å lette overgangen inn i eit sjølvstendig tilvere for ein tidlegare rusmisbrukar, og kva utfordringar kan vedkommande møte på i denne overgangen?

Av

Guro Torpe
Kandidatnr. 329

Sosialt arbeid

BSV5-300

Mai, 2014





Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Ettervern - rusproblematikk) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Fyll inn kandidatnummer og namn og sett kryss:

329 – Guro Torpe

JA_X_ NEI__

Innholdsliste

1.0 Innleiing.....	s. 1
1.1 Presentasjon av tema og problemstilling.....	s. 1
1.2 Presisering og avgrensing av problemstilling.....	s. 2
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	s. 2
2.0 Framgangsmåte.....	s. 3
2.1 Å orientere seg i litteraturen.....	s. 3
2.2 Kjeldekritikk.....	s. 3
2.3 Å vurdere litteratur.....	s. 4
2.4 Presentasjon av mitt val av litteratur.....	s. 4
3.0 Teori.....	s. 6
3.1 Posisjon/status.....	s. 6
3.1.1 Stigma.....	s. 7
3.2 Marginalisering.....	s. 8
3.2.1 Arbeidsmarginalisering.....	s. 8
4.0 Ettervern.....	s. 9
4.1 Kva kjenneteiknar ein rusmisbrukar?.....	s. 9
4.2 Lov om ettervern.....	s. 9
4.3 Velferdspolitikkk.....	s. 9
4.3.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (2009).....	s. 10
4.4 Yrkesetikk.....	s. 10
5.0 Ettervernstiltak kommunen kan bidra med.....	s. 11
5.1 Kommunen sitt ansvar.....	s. 11
5.1.1 Individuell plan.....	s. 11
5.1.2 Rehabilitering.....	s. 12
5.1.3 Bustad.....	s. 12
5.1.4 Arbeid.....	s. 13
5.1.5 Økonomisk rådgjevnad.....	s. 14
5.1.6 Nettverksarbeid.....	s. 14
6.0 Drøfting.....	s. 15
6.1 Bustad.....	s. 15

6.2 Arbeid.....	s. 16
6.3 Økonomisk rådgjevnad.....	s. 19
6.4 Nettverksarbeid.....	s. 20
6.5 Rehabilitering.....	s. 22
6.6 Individuell plan.....	s. 22
7.0 Avslutning.....	s. 23

Litteraturliste

Vedlegg

1.0 Innleiing

Å stå på egne bein i eit sjølvstendig tilvere kan vere utfordrande, og nokon vil ha betre føresetnadar for å klare dette enn andre. Å styre eigen bustad, jobb, økonomi og ha eit nettverk å støtte seg på kan vere enkelt for mange, men kanskje vanskelegare for nokon. Dette kan til dømes vere ein person som har slitt med rusproblem, som har gjennomført rusbehandling og skal no ut i ein rusfri tilstand. Her kan det oppstå fleire utfordringar, me skal sjå på nokon av dei.

Som rusmisbrukar kan ein ha vore marginalisert frå viktige arena i livet, dette kan gjere det utfordrande for personen når han skal klare det sjølvstendige tilveret seinare. Sjølv om personen har vorte rusfri, kan han ut frå eigenskapar og tidlegare bakgrunn som rusmisbrukar verte forskjellsbehandla og nedvurdert og i verste fall utestengd på fleire arena. Det kan då vere behov for eit ettervern, som kan by på tenester som letter denne overgangen.

Formålet med denne oppgåva er å finne ut kva eit kommunalt ettervern kan bidra med for å lette overgangen inn i samfunnet for ein tidlegare rusmisbrukar, der han skal meistre eit sjølvstendig tilvere. Eg vil òg finne ut kva utfordringar som kan oppstå i denne overgangen. Eg vil då ta utgangspunkt i to teoretiske begrep: Stigmatisering og marginalisering.

1.1 Presentasjon av tema og problemstilling

Temaet til oppgåva mi er ettervern for tidlegare rusmisbrukarar. Eg ynskjer å skrive om kva eit kommunalt ettervern kan bidra med for å lette overgangen til eit normalt samfunnsliv for ein person som har gjennomført rusbehandling. Eg har valt å skrive om ettervern for tidlegare rusmisbrukarar fordi eg ser dette som eit viktig arbeid innanfor sosialt arbeid. Ved å skrive denne oppgåva vil eg få meir kunnskap innanfor området, og eg vil ha nytte av kunnskapen eg lærar i komande tid som sosialarbeidar. Eg hadde praksis på eit lokalt NAV-kontor, der eg fekk inntrykk av at ettervern var ein viktig del av sosialt arbeid: Å leggje til rette for at vanskelegstilte skal kome tilbake i kvardagen, der dei kan få hjelp til praktiske ting som er grunnleggjande for å bli inkludert og kunne fungere i eit sjølvstendig tilvere. Samstundes fekk eg via min praksis inntrykk av at denne overgangen kan vere utfordrande for ein tidlegare rusmisbrukar. Ut i frå tema har eg valt fylgjande problemstilling:

Kva ettervernstiltak kan kommunen bidra med for å lette overgangen inn i eit sjølvstendig tilvere for ein tidlegare rusmisbrukar, og kva utfordringar kan vedkommande møte på i denne overgangen?

1.2 Presisering og avgrensing av problemstilling

Oppgåva er avgrensa til å omhandle tidelegare rusmisbrukarar mellom 18-25 år som har vore i kontakt med rusbehandling. Rusbehandlinga skal ha vart i minimum tre månadar og skal ha vore i Noreg. Eg har teke utgangspunkt i tiltak som er lagt til kommunen sitt ansvar. Alderen er bestemt ut i frå at personane i denne alderen er myndige. I tillegg er dei ennå i ung alder, har livet framfor seg og skal delta på blant anna arbeidsmarknad og sosiale aktivitetar. Eg har valt å avgrense rus til tidlegare misbruk av illegale rusmidlar. Misbruk av alkohol fell altså utanfor denne gruppa. Eg har valt å ikkje inkludere personar som er med i eit legemiddelassistert rehabiliteringsprogram, og målet til personane er at dei skal meistre det sjølvstendige tilvere utan å nytte seg av rus etter rusbehandling. Det er mange ettervernstiltak kommunen kan bidra med for å hjelpe ein person tilbake i samfunnet, men på grunn av oppgåva sin størrelse har eg måtte avgrense dette med å berre nemne nokre av dei. Eg har valt å ikkje inkludere ettervern etter Lov om barnevernstjenester, fordi dette vert ei for omfattande gruppe i oppgåva. Det er mange utfordringar ein tidlegare rusmisbrukar kan møte på i overgangen til eit sjølvstendig tilvere, eg har teke utgangspunkt i to teoriar: Stigmatisering og marginalisering. Eg vil forklare begrepa: ettervern, sjølvstendig tilvere og rusmisbrukar seinare i oppgåva.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Fyrst vil eg forklare framgangsmåten eg har brukt for å finne passende litteratur til problemstillinga mi. Her vil eg og presentere den mest sentrale litteraturen og forskinga eg har brukt. Etter dette vil eg greie ut relevant teori, stigma og marginalisering, som eg har teke utgangspunkt i for å forklare kva utfordringar den tidlegare rusmisbrukaren kan møte i denne overgangen. Etterpå vil eg skrive om ettervern og kort om personar med rusproblematikk, og vise til relevant lovverk eg har teke utgangspunkt i for å greie ut ulike tiltak som inngår i eit ettervern. Deretter vil eg forklare sentrale tiltak det kommunale ettervernet kan bidra med for å lette overgangen for tidlegare rusmisbrukarar etter endt rusbehandling inn i samfunnet. Videre vil eg drøfte teori om stigmatisering og marginalisering, lovverk, tiltak og forskning opp mot kvarandre. Til slutt vil eg kome med ei avslutning som vise kva eg har svara på i

oppgåva.

2.0 Framgangsmåte

For å svare på problemstillinga mi har eg valt litteraturstudie som framgangsmåte. Ifylgje Støren (2013) vil ein i eit litteraturstudie studere allereie eksisterande litteratur. I eit litteraturstudie skal ein orientere seg, vere kritisk og behandle utvalet av litteratur (Dalland, 2010). Eg såg denne framgangsmåten som mest hensiktsmessig i mi oppgåve fordi eg vil belyse problemstillinga mi ut i frå alleire aksisterande kunnskap og forskning på feltet. I tillegg vil eg få fleire sider av temaet, og ikkje berre èi slik eg hadde fått ved å ved å velge intervju.

2.1 Å orientera seg i litteraturen

I starten av skriveprosessen forsøkte eg å få ei oversikt over kva som allereie er skrive rundt temaet eg har valt. Det er skrive mykje om ettervern, men då særleg ettervern rundt barnevernet og mindre rundt tidlegare rusmisbrukarar. Eg har likevel funne litteratur å bruke. Eg har brukt internett, lærebøker og bibliotekets søkemotorar, blant anna BIBSYS og Academic Search Premier når eg søker. Eg brukar både norsk og internasjonal litteratur. Dette er fordi norsk litteratur vil gje meg informasjon om korleis ettervernet fungerer i Noreg, og internasjonal litteratur gir meg informasjon om viktigheita av ettervern. Eg brukar difor både norske og engelske søkeord. Sentrale søkeord er ettervern, utfordringar rundt ettervern, godt ettervern, rus, stigma, marginalisering, utfordring å vere rusfri, kommunens ansvar rundt rusproblematikk, aftercare og drug abuse. Eg kombinerar òg desse søkeorda med kvarandre.

Min eigen faglege ståstad og perspektiv på temaet kan naturleg nok prege mitt litteraturval. Eg var difor i denne fasen av arbeidet open for nye idear og tankar rundt temaet for å opne for fleire perspektiv. Ifylgje Dalland (2010) er dette viktig i denne fasen, då mi eiga forståing kan avgrense litteratursøket mitt.

2.2 Kjeldekritikk

Dalland (2010) beskriv kjeldekritikk som den framgangsmåten ein brukar for å fastslå om ei kjelde er sann eller ikkje. Her vurderar og karakteriserar eg dei kjeldene eg finn, og held meg kritisk til litteraturen eg vil bruke i oppgåva. Eg ynskjer at lesaren skal få ta del i mine refleksjonar rundt relevans og gyldigheit av litteraturen eg har funne.

Eg er oppteken av å finne kvalitetssikra og gyldig litteratur. ”Det er krevende å vurdere hva

som egner seg og hva som ikke egner seg i studie- eller forskningssammenheng” (Dalland, 2010, s. 64). Eg synes det er vanskelig å vite kva som vert rekna som fagstoff, relevant, seriøst, kvalitetssikra og brukbart som informasjonskjelde til mi oppgåve. Å tenkje over dette er ein tidkrevjande prosess, særleg når eg brukar internett som søkemotor. På eitt enkelt søkeord dukkar det opp mykje litteratur, og eg må finne ut kva som er kvalitetssikra og relevant. Eg har brukt vitenskaplege artiklar, lærebøker, erfaringar frå menneske som har vore i ettervern og forskning på området for å finne kvalitetssikra og relevant litteratur.

At det skal vere relevant vil seie at litteraturen kan svare på problemstillinga mi. Når eg skal finne relevant litteratur er eg kritisk til fleire faktorar. Eg er kritisk til kva årstal litteraturen er skriven. Eg prøvar å finne litteratur frå etter 2000, då eg ynskjer å få informasjon om dagens situasjon rundt temaet. Eg er og kritisk til at litteraturen kan vere sekundærlitteratur, då litteraturen kan vere oversatt og fortolka ut frå andre. Fleire av mine kjelder er sekundærlitteratur, og eg er her påpasseleg på at ”det opprinnelige perspektivet kan ha forandret seg” (Dalland, 2010, s. 72). Eg er og oppteken av kven som har skriva litteraturen. Ein fagperson samanlikna med ein ufaglært kan til dømes ha betydning for kvalitet.

2.3 Å vurdere litteratur

Ifylgje Dalland (2010) skal eg vurdere litteratur eg har funne etter to formål: Finne ut om litteraturen er relevant for problemstillinga, og då eventuelt korleis eg kan bruke den til oppgåva mi. Deretter finne ut kva som kjenneteiknar denne teksten til mi oppgåve. Når eg finn litteratur nemner Dalland (2010) nokre kritiske spørsmål som er viktig å tenke over når ein skal vurdere litteraturen:

Kva relevans har litteraturen? Kva type litteratur er det? Korleis kom eg fram til litteraturen?

Kven er litteraturen skriven for? Kven er forfattaren? Kva er formålet med litteraturen?

Eg har brukt desse spørsmåla når eg har funne litteratur til oppgåva mi.

2.4 Presentasjon av mitt val av litteratur

Her vil eg vise noko av litteraturen som er sentral og relevant i mi oppgåve, og som eg har funne gjennom min framgangsmåte i litteraturstudie.

***Stigma* av Erving Goffman (2000):**

Goffman var ein kanadisk samfunnsforskar og forfattar, og opererar med begrepet stigma.

Læreboka *Stigma* handlar om samspelet mellom majoriteten og dei stigmatiserte. Denne boka er relevant i mi oppgåve for å forklare teorien om stigma.

***Substance use recovery outcomes among a cohort of youth participating in a mobile-based texting aftercare pilot program* av Gonzales, Ang, Murphy, Glik og Angilin (2014):**

Dette er ein amerikansk vitenskapelig artikkel av doktorane Rachel Gonzales, Alfonso Ang, Debra A. Murphy, Deborah C. Glik, M. Douglas Anglin, som eg fann via søkemotoren google Scholar. Dei har gjennomført eit pilotprosjekt kalla Educating & Supporting Inquisitive Youth in Recovery, der dei har forska på effekta av ettervern. Denne forskinga vil vere relevant for å vise korleis eit ettervern bør arbeide. Eg vil vise til deira eiga og annan forskning dei referere til i drøftinga.

***Forskningkunnskap om ettervern* av Bakketeig og Backe-Hansen (red.) (2008):**

Bakketeig og Backe-Hansen (red.) har skrive ein rapport om ettervern i Noreg. Rapporten fann eg via søkemotoren BIBSYS, og er den mest omfattande rapporten innanfor ettervern i Noreg. Fokuset deira har vore retta mot ettervern i barnevernet. Boka har inkludert ungdomane sine egne erfaringar rundt ettervern. Det vert fortalt om viktigeita rundt dette. Eg har difor inkludert resultat frå denne rapporten i drøftinga, fordi det vil vere sentralt for alle som er i eit ettervern.

***Ung voksen og utenfor – mestring og marginalitet på vei til voksenliv* av Hammer og Hyggen (red.) (2013):**

Hammer og Hyggen (red.) har skrive læreboka *Ung voksen og utenfor – mestring og marginalitet på vei til voksenliv*, som handlar om overgangen og utfordringane frå ung til vaksen. Eg har brukt denne boka fordi den tek for seg tema som vil vere relevant for å svare på problemstillinga mi. Dette er tema som å etablere seg på arbeidsmarknad og i eigen bustad, stigmatisering, arbeidsløyse og marginalisering som eg vil bruke i oppgåva mi. Boka inneheld ulike forskingar eg har med i drøftinga.

***Det gode ettervern* av Andersen, Henriksen og Horst (2012):**

I boka *Det gode ettervern* av Andersen, Henriksen og Horst har ti ungdomar fortalt om deira egne opplevingar rundt ettervern, der dei legg vekt på kva tiltak som har vore viktig for dei. Eg er kritisk mot boka, fordi her blir det kun vektlagt positive sider ved ettervernet, og utelete

dei negative. Ungdomane har ikkje berre vore gjennom eit ettervern på grunn av rusproblem, men og av andre årsaker. Eg tek likevel med erfaringane til ungdomane i drøftinga, fordi deira opplevingar visar viktigheita med ulike tiltak i ettervernet.

Ettervern , er det noen som driver med det da? av Jan Storø (2012):

Jan Storø skriv om ettervern, og har skrivt artikkelen *Ettervern, er det noen som driver med det da?* som handlar i utgangspunktet om ettervern i barnevernet. Eg har likevel inkludert litteraturen hans i drøftinga, fordi han skriv om viktigheita med ettervern for ein person som skal forlate ein institusjon og skal tilbake i kvardagen.

Integrering och inkludering av Jan Tøssebro (2004):

Boka *Integrering och inkludering* av Tøssebro (red.) handlar om å inkludere vanskelegstilte i samfunnet, som vil vere relevant i mi oppgåve. Han referere til Wolfensberger, som skriv om segregering og marginalisering. Eg visar til han i drøftinga.

Ungdom, rus og marginalisering av Tormod Øia (2013):

Tormod Øia, som i mange år har studert rusproblematikk og ungdomskulturar, har skrivt læreboka *Ungdom, rus og marginalisering*. Boka handlar i utgangspunktet om ungdom og alkohol men eg har likevel teke med forskning som handlar om nettverk og popularitet i drøftinga, fordi dette er relevant for å svare på problemstillinga mi.

3.0 Teori

I denne delen av oppgåva vil eg presentere relevant teori for å svare på problemstillinga mi. Fyrst vil eg ta for meg begrepet posisjon/status. Deretter vil eg presentere teori om stigma og marginalisering.

3.1 Posisjon/status

”En posisjon/status er en plass i den sosiale strukturen som innehas av en person” (Schiefløe, 2011, s. 203). Ein generell posisjon oppstår etter kjønn, sosioøkonomisk status, religion eller etnisitet (Schiefløe, 2011). Eit menneske har mange posisjonar, der ein posisjon ofte vil framstå som meir dominerande og overstyre andre posisjonar. Dette kallar Schiefløe (2011) ein hovedposisjon, som kan oppstå basert på personen sin sosioøkonomisk status.

Sosioøkonomisk status handlar om kvar ein er plassert i eit samfunnsmessig hierarki, der

økonomi, utdanning, sosial prestasjon, makt og autonomi er avgjerande (Schiefløe, 2011). Ifylgje Schiefløe (2011) er rusavhengige personar ofte langt nede på det samfunnsmessige hierarkiet. ”Dersom posisjoner blir gitt på grunnlag av hvem en er, omtales det som en tilskreven posisjon” (Schiefløe, 2011, s. 204). Ein tilskriven posisjon kan ifylgje Schiefløe (2011) vere stigma.

3.1.1 Stigma

Erving Goffman opererer med begrepet stigma. Begrepet stigma er gresk, og betyr i retning av eit merke eller eit teikn (Goffman, 2000). Goffman (2000) forklarar stigma som å verte sosialt merka, som vil få konsekvensar for mennesket sin attraktivitet og eigenverdi. Ein person kan bli stigmatisert ved at han kan inneha eit kjenneteikn eller ein eigenskap som er mindre ynskjelig, som gjer at han ikkje vert akseptert på lik linje med andre (Øia, 2013).

Når ein møter eit nytt menneske vil ein danne seg eit fyrsteintrykk av vedkommande, og det vil verte omforma til forventningar til mennesket. Ut i frå til dømes utsjånad, som er typisk å danne seg eit forestillingsbilete av, vil ein sjå for seg den sosiale identiteten til vedkommande og tenkje seg fram til kva eigenskapar vedkommande har eller kva gruppe han tilhøyrer (Goffman, 2000). Me kan snakke om ein ”tilsynelatande sosial identitet”, der me plasserar mennesket i grupper ut i frå status og korleis me trur vedkommande er. Ein person som i utgangspunktet ville vorte sosialt akseptert, innehar ein eigenskap som gjer at andre får eit negativt forestillingsbilete og behandlar han deretter. Dette kan til dømes vere ein person som er eller har vore plaga med rusproblematikk (Goffman, 2000). Stigmaet kan være til skade for sjølvkjensle, kjensle av identitet, medborgarskap og verdighet (Goffman, 2000).

Me skil i grove trekk mellom tre typar stigma (Goffman, 2000) :

- 1) Stigmatisert på grunn av fysiske og kroppslege misdanningar, som til dømes funksjonshemming.
- 2) Stigmatisert på grunn av karaktermessige feil som er dominerande, mangel på viljestyrke eller unaturlege eigenskapar. Individet vert stigmatisert ut i frå tidlegare bakgrunn, som til dømes fengsel, rusmisbrukar og arbeidsløyse.
- 3) Stigmatisert på grunn av arv, med røter frå nasjon, religion og rase.

Personen som vert stigmatisert kan starte ein kognitiv prosess i retning av å akseptere forståinga av at han vert stigmatisert. ”Den stemplede eller stigmatiserende identifiserer seg

med rollen, gjør omgivelsenes fordømmene holdninger om til egenforståelse og handler deretter. Dermed får både de sosiale omgivelsene og den enkelte ein bekreftelse av annerledeshet” (Øia, 2013, s. 38). Dette kan kallast sjølvoppfyllande profeti.

3.2 Marginalisering

Marginalisering kan sjåast på som ein prosess mot sosial eksklusjon (Hammer og Hyggen, 2013), der vedkommande vert utstøytt på sentrale arena i samfunnet som vert sett på som viktig i livet (Øia, 2013). Mangel på arbeid, dårleg økonomi og nedsatt arbeidsevne er faktorar som kan føre til marginalisering (Hammer og Hyggen, 2013). Marginalisering er eit fleirdimensjonalt fenomen, der individet ofte opplever marginalisering på fleire felt.

”Marginaliseringsprosessar blant unge vaksne skjer i alle utviklede samfunn, som blant anna i utdanningssystem, i relasjon til arbeidsmarkedet, sosiale relasjonar og på boligmarkedet” (Hammer og Hyggen, 2013, s. 17). Marginalisering på ein arena vil ofte påverke andre arena. Dersom eit individ til dømes vert marginalisert frå skule, kan marginalisering føre til vanskar for å delta i seinare arbeidsliv, sosiale relasjonar, nettverk, bustadmarked osv. Ifylgje Paugam (ref. i Hammer og Hyggen, 2013) kan rusmisbruk føre til ei slik marginalisering, som kan gi auka isolasjon og sårbarheit. Marginalisering kan handle om å ikkje ha tilgang på ressursar i samfunnet, mangle ferdigheter og moglegheiter til å delta på lik linje med andre.

3.2.1 Arbeidsmarginalisering

Ifylgje Sandnes (2013) kan ein verte marginalisert frå arbeidsmarknaden på tre måtar: enten ved å verte utestengt frå å delta i inntektsgivande arbeid, ved å verte utstøytt frå arbeidsmarknaden, eller ved å verte innelåst i «dårlege» jobbar kjenneteikna av lågt lønnsnivå, midlertidige kontraktar og få karrieremoglegheiter. Ifylgje OECD (ref. i Hammer og Hyggen, 2013) er Noreg landet med minst arbeidsplassar til ufaglærte personer, der arbeidsmarknaden vår ofte krev grunnleggjande utdanning. Ifylgje OECD 2008 (ref. i Hammer og Hyggen, 2013) er det berre 5% av jobbane i Noreg som ikkje krev utdanning. Arbeid stiller ofte krav til høg kompetanse som fører til at vanskelegstilte vert marginalisert frå arbeidsmarknaden, fordi dei ofte har låg kompetanse (Hammer og Hyggen, 2013). ”For unge med sosiale problemar kombinert med lav utdanning er det få muligheter for arbeid” (Hammer og Hyggen, 2013, s. 19). Mange arbeidsstadar krev eit høgt arbeidstempo, jobbotasjon og fleksibilitet.

4.0 Ettervern

Ettervern kan definerast som ei tilpassingsform etter institusjonsopphald, der målet er å ”lette tilpassingen til et normalt samfunnsliv og hindre tilbakefall” (Store norske leksikon, 2014).

Ettervernet skal støtte opp mot ei gradvis tilpassing der personen skal bli sjølvstendig og skal kome seg inn på arbeidsmarknad eller utdanning (Andersen et al., 2012). Tiltak eit ettervern kan tilby vil variere frå kommune til kommune og etter individuelle behov (Andersen et al., 2012). Ettervern er den oppfylginga kommunen gir *etter* utflytting av behandling (Hjort og Backe-Hansen, 2008)

For å finne ut kva faktorar som er viktig for at ein person skal klare å handtere eit sjølvstendig tilvere, har eg teke utgangspunkt i begrepet *levkår*. Gode levekår er ei forutsetning for å styre sitt eige liv. Levekår er eit samlebegrep som brukast for å beskriva eit menneske sin livssituasjon, der forhold som økonomi, kompetanse, bustad, nettverk, helsetilstand, materiell levestandard er viktig (Schiefløe, 2011). Eg vil ta utgangspunkt i bustad, nettverk, arbeid og økonomi.

4.1 Kva kjenneteiknar ein rusmisbrukar?

Ein kan snakke om eit rusproblem når ein føler ein sterk trang til å innta rusmidlar og har problem med å kontrollere inntaket (Lossius, 2011). Rusproblemet kan oppstå ved ulike årsaker, som til dømes økonomiske eller sosiale kriser, tap og liknande. Personar med rusproblematikk slit ofte på andre arena òg, som marginale nettverk, tilknytning, problem med å utvikle gode relasjonar og dårlig sjølkjensle (Lossius, 2011).

4.2 Lov om ettervern

Per dags dato i Noreg har me ingen lovbestemt rett til ettervern blant tidlegare rusmisbrukarar, då ettervernstiltak er ein moglegheit, og ikkje ein rett (Bakketeig, 2008). Den enkelte må sjølv ta kontakt om å få hjelp av eit ettervern.

4.3 Velferdspolitik

Velferdspolitikken skal sikre befolkningas velferd (Hjelmtveit, 2009). Velferdspolitikken er basert på at “alle skal ha like muligheter, rettigheter og plikter til å delta i samfunnet og bruke

sine ressurser, uavhengig av økonomisk og sosial bakgrunn” (Arbeidsdepartementet, 2014).

4.3.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (2009)

Ein del av Noregs velferdspolitik er Lov om sosiale tjenester i NAV (2009). Lov om sosiale tjenester er basert på ein attføringsideologi, der vanskelegstilte skal ”føres tilbake” i samfunnet (Hanssen, 2011). Lova er basert på normalisering, som bygger på at personar som ikkje klarar seg sjølv og som har behov for samfunnets hjelp og omsorg, har same rett til velferd og deltaking i samfunnet som andre (Hanssen, 2011). Dei skal få leve eit ”normalt” liv på lik linje med andre. Ut i frå dette ser eg Lov om sosiale tjenester i NAV (2009) som relevant å ta utgangspunkt i når eg skal gjere greie for ulike tiltak kommunen kan bidra med i eit ettervern. Lova har som mål å inkludere menneske i samfunnet med skjønnsbaserte tiltak.

Lov om sosiale tjenester i NAV §1 (2009): Lovens formål:

“Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får moglegheit til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Loven skal bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tenestetilbud. Loven skal bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer.”

Lov om sosiale tjenester i NAV §42 (2009): Plikt til å rådføre seg med tenestemottaker:

“Tenestetilbudet skal så langt som mulig utformes i samarbeid med tenestemottaker. Det skal legges stor vekt på hva vedkommende mener.”

4.4 Yrkesetikk

”Yrkesutøvelsen til barnevernpedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsarbeidere er basert på humanistiske og demokratiske verdier. Yrkesutøverne fremmer likeverd og respekt, møter menneskers behov og bidrar til at de får brukt sine ressurser” (Fellesorganisasjonen, 2011). Eg har valt å inkludere to etiske retningslinjer frå Fellesorganisasjonen (2011) som eg ser på som viktig i eit ettervern.

Heilskapeleg syn på menneske

Som yrkesutøvar skal ein arbeide ut frå eit heilskapeleg menneskesyn, og ut frå korleis individ og samfunn påverkar kvarandre. Som yrkesutøvar skal ein bidra til samarbeid med andre hjelpeapparat for å gi brukaren eit heilskapeleg hjelpetilbod.

Respekt for enkeltindividet

Som profesjonsutøvar skal ein ha respekt for enkeltindividet sin fridom, sjølvbestemming og livsverdiar. Profesjonsutøvarar skal nytte brukarmedverknad for å styrke den enkelte sin moglegheit for meistring og kontroll over eige liv.

5.0 Ettervernstiltak kommunen kan bidra med

No vil eg gå over til å gjere greie for kommunen sitt ansvar, og gjere greie for ulike ettervernstiltak kommunen kan bidra med.

5.1 Kommunen sitt ansvar

Kommunen har ansvaret for å sikre ein stabil og trygg busituasjon, skape sikker inntekt, moglegheit for deltaking i arbeid, utdanning og meiningsfulle aktivitetar, som bidrar til å fremme meistring og sosial deltaking for den enkelte (Helsedirektoratet, 2014). Tidlegare nemnte eg å ta utgangspunkt i Lov om sosiale tjenester i NAV (2009) for å vise til ulike tiltak i eit ettervern. Lov om sosiale tjenester blei lagt til NAV i 2006, og heiter no Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (2009) (Langeng og Stene, 2009). NAV inneber eit tett samarbeid mellom stat og kommune, der NAV har fleire verkemidlar som kan tas i bruk ovanfor vanskelegstilte. Eit overordna mål for NAV er å få fleire i arbeid og aktivitet. NAV skal fylgje opp mennesker som står i fare for å bli marginalisert (Brage, Bragstad, Furuberg, Kann, Myklebø, 2013).

No skal eg gjere greie for ulike tiltak kommunen kan bidra med, som ifylgje begrepet levekår er viktig for ein sjølvstendig tilvere, og difor viktig i eit ettervern.

5.1.1 Individuell plan

“Den som har behov for langvarige og koordinerte tjenester, har rett til å få utarbeidet individuell plan. Planen skal utformes i samarbeid med tenestemottakeren, jf. § 42.” (Lov om sosiale tjenester i NAV, 2009)

Formålet med individuell plan ifylgje Forskrift om individuell plan i NAV §2 (2010) er ”å bidra til at tenestemottakeren får et helhetlig, koordinert og individuelt tilpasset tenestetilbud, herunder å sikre at det til enhver tid er en tenesteyter som har hovedansvaret for oppfølgingen av tenestemottakeren”. Individuell plan er brukarens plan, der brukarens mål,

ressursar og ynskjer skal vere utgangspunktet for planen (Forskrift om individuell plan i NAV, 2010). Brukaren skal aktivt delta for å beskrive behov for tenester, ynskjer og mål som er viktig for vedkommande i noverende og framtidig situasjon (NAV, 2014).

5.1.2 Rehabilitering

“Rehabilitering skal ligge til grunn for tildeling og fordeling av sosiale ytelser” (Langeng og Stene, 2012, s. 261). Ifylgje Hjort & Backe-Hansen (2008) inkluderar mange ettervernsprogram rehabilitering, då opplæring av ferdigheiter er viktig i eit ettervern. Målsetjinga med rehabilitering er å betre den tapte funksjonen til den enkelte, og gi brukaren best mogelig funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og sosial deltaking (Helse- og omsorgsdepartementet, 1998-99). Tiltaket skal ta utgangspunkt i den enkelte sine ressursar, behov og ynskjer (Haga, 2011). Rehabiliteringa skal bidra til at ein person skal i størst mogleg grad fungere på bustad- og arbeidsmarknaden, då det er viktig med realistiske målsetjingar som kan føra til meistring, og ikkje urealistiske eller for høge forventningar som kan føre til nederlag (Haga, 2011).

Mange rusmisbrukarar har mykje å rehabiliterer i, fordi mange ferdigheitar og kunnskap har ikkje vorte lært gjennom tenåra, då personen kvalifiserte seg som rusmisbrukar i staden for (Høgskulen i Østfold, arbeidsrapport 2003:3, ref. i Pedersen & Sandberg, 2011). Storø (2012) skriv at mange har behov for praktisk hjelp i møte med det sjølvstendige tilvere, og nokon vil ha eit større behov for dette enn andre.

5.1.3 Bustad

Regjeringa har som visjon at alle skal kunne bu trygt og godt (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2003-2004). Bustad blir rekna som ei grunnleggande forutsetning for inkludering og deltaking i samfunnet (Sandlie, 2013). Kommunane har hovudansvaret for å sikre vanskelegstilte på bustadmarknaden ein trygg busituasjon (Norges offentlige utredninger, nr. 15, Rom for alle, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2011). Dette kallar me bustadsosialt arbeid. Bustadsosialt arbeid kan by på tenester som skal bidra til at personar kan etablere seg, enten ved å eige eller å leige. Vanlege tiltak frå kommunane er å by på kommunal bustad, midlertidig butilbud, garanti for depositum eller

kontantdepositum. ”Tildeling av startlån, tilskudd til etablering og bostøtte er dei viktigaste økonomiske virkemidlene for å bidra til at vanskeligstilte etablerer seg i ei bolig” (Norges offentlige utredninger, nr. 15, Rom for alle, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2011). Kommunen kan òg tilby råd og veiledning til personar som ynskjer å etablere seg på leiemarknaden eller kjøpe eigen bustad. “Oppfølging i bolig er for mange en forutsetning for å kunne mestre bo- og livssituasjonen” (Norges offentlige utredninger, nr. 15, Rom for alle, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2011). Denne oppfylginga vil variera etter individuelle behov. Oppfylging i bustad kan vere veiledning, opplæring og hjelp til å utføre praktiske gjeremål i bustaden, og hjelp til å overhalde økonomiske forpliktingar (Norges offentlige utredninger, nr. 15, Rom for alle, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2011). Ifylgje Sandlie (2013) er bustad ein avgjerande faktor for fysiske levekår, og sosialt sett er gode buforhold avgjerande for deltaking og inkludering i samfunnet. Dårlige bustadforhold kan føre til skam, stigmatisering og marginalisering (Sandlie, 2013).

5.1.4 Arbeid

NAV har som visjon at fleire skal i arbeid (Heum, 2012), og har tiltak som skal gi moglegheit for alle å delta på arbeidsmarknaden (Brage et al., 2013). Arbeid er ei kjelde til inntekt, økonomisk tryggleik og sjølvrealisering. Samstundes bidreg deltaking i arbeidslivet til å auke den kollektive velferda og redusera økonomiske og sosiale skilnadar (Arbeids- og sosialdepartementet, 2012–2013). Arbeid betrar livskvalitet og velvere, har betydning for helse, gir kjensle av likeverd, er ei kjelde til sosialt samvær, gir tilhøyre og sosiale nettverk (Hernes, 2012).

Unge som treng bistand frå NAV, har ofte avbrote vidaregåande opplæring og manglar grunnleggjande arbeidserfaring (Brage, 2013). Lov om sosiale tjenester i NAV (2009) kan by på eit behovstilpassa tiltak som kan innehalde blant anna kvalifisering, oppfylging, avklaring, arbeidsutprøving og behandling. “Arbeidsrettede tiltak er ikke en rettighet. Tildeling av tiltak er basert på individuelle vurderinger og må være nødvendig og hensiktsmessig for at du skal få eller beholde en jobb” (NAV, 2014). NAV kan blant anna by på arbeidsevnevurdering, som skal ”gi grunnlag for å vurdere om den enkelte bruker har behov for virkemidler fra det offentlige, og avdekke de mulighetene den enkelte har i arbeidslivet” (Heum, 2012, s.199). Dersom arbeidsevna tilseier at ein umiddelbart ikkje kan arbeida, skal det settast i verk verkemidlar som bidreg til å auke arbeidsevna (Heum, 2012).

5.1.5 Økonomisk rådgjevnad

NAV kan tilby økonomisk rådgjevnad og gjeldsrådgjevnad til dei om har problem å betale eller å disponera pengane slik at dei strekk til, eller dersom ein har vore i ein situasjon prega av mangel på økonomiske ressursar for å dekkja nødvendige behov (NAV, 2014). Hensikta er å hjelpe slik at ein vert i stand til å styre økonomien sjølv. NAV/kommunen kan veilede ved å sette opp budsjett, gjere avtalar med dei ein skuldar pengar, skrive søknad om utsetjing av betaling, søke gjeldsordning eller få hjelp til å kontakte andre nødvendige instansar (NAV, 2014). Opplysning, råd og veiledning er viktige verkemidlar for å forebygge marginalisering (Hammer og Hyggen, 2013).

5.1.6 Nettverksarbeid

Kommunen kan bidra til nettverksarbeid, blant anna gjennom bustad og arbeid. Kommunen kan og leggje til rette aktivitetar for tidlegare rusmisbrukarar atskilt frå majoriteten, eller aktivitetar saman med dei. Storø (2012) skriv at ein treng ikkje berre hjelp til praktiske ferdigheiter, men og til menneskeleg kontakt.

Å vere saman med andre vert sett på som grunnleggjande for danning av sosial kompetanse, sjølvbilete og kognitiv trening i eit utviklingsperspektiv (Eriksson, ref. i Sletten, 2013). Kontaktforhold er ei viktig kjelde til sosial kompetanse, emosjonell støtte, tryggleik og å byggja sjølvkjensla (Sletten, 2013). Ifylgje Maslow er sosiale relasjonar og tilhøyre eit grunnleggjande menneskeleg behov (Tidemann, 2004). Relasjonar til andre kan sjåast på som både ein ressurs og problematisk, avhengig av kven ein er saman med og kva som formidlast i nettverka (Sletten, 2013). Sosial kapital er eit sentralt begrep, som handlar om nytta som vert utveksla i sosiale nettverk (Sletten, 2013). Ungdomar sin relasjon til andre kan vere ein ressurs med hensyn til å lukkas i utdanning og på arbeidsmarknaden, ungdom får tilgang til informasjon om jobbmoglegheiter gjennom sine egne nettverk (Heath, ref. i Sletten, 2013). Negativ sosial kapital kan bidra til at overgangen til vaksenlivet vert vanskelegare, då personane i nettverka kan ha negativ innverknad på kvarandre (Sletten, 2013). Å ha vener og vere ein del av ei gruppe har ein verdi i seg sjølv. Ifylgje Sletten (2013) vil truleg ungdom med svake relasjonar til andre få mindre følelse av popularitet. Låg aksept frå andre kan få konsekvens i form av marginalisering.

6.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil eg drøfte min teori, stigma og marginalisering opp mot dei ettervernstiltaka eg har skrive om: bustad, arbeid, nettverksbygging, økonomisk rådgjevnad, rehabilitering og individuell plan. Eg vil òg drøfte dette opp mot forskning eg har funne via mitt litteraturstudie, då eg presenterte bøkene og forskarane i framgangsmetoden. Fyrst vil eg vise til erfaring og forskning rundt viktigheita av ettervern.

Nanna, ein av ungdomane som har erfart ettervern seier:

“Jeg synes bare, at det efterværn er så skide vigtigt. Når man spytter så mange penge i at sende de unge på opholdssted, hvorfor så ikke lige spytte lidt ekstra i og så hjælpe dem godt derfra? (...)” (Andersen et al., 2012, s. 13). Gonzales et al. (2014) si forskning syner at eit hensiktsmessig ettervern er nødvendig for å unngå tilbakefall og leve eit sjølvstendig tilvere utan rus. Dette fordi behandlinga si effekt ofte forsvinn etter tre månadar (Gonzales et al., 2014). Ut i frå utsagnet til Nanna og forskinga av Gonzales et al., kan det tyde på at eit ettervern er nødvendig for å bidra med å lette overgangen til ein tidlegare rusmisbrukar inn i eit sjølvstendig tilvere utan rus.

6.1 Bustad

Regjeringa har som visjon at alle skal bu trygt og godt (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2003-2004). Helsedirektoratet (2014) skriv at kommunen har ansvaret for å sikre ein stabil og trygg busituasjon. Kommunen kan då tilby bustadsosialt arbeid. Dei kan by på tenester som bidreg til eiga bustad og vidare praktisk oppfylging, som til dømes kommunal bustad, tideling av startlån, tilskot til etablering og bustøtte. Ifylgje Stein (ref. i Hjort & Backe-Hansen, 2008) er ein stabil bustadsituasjon viktig for andre områder i livet, som arbeid, nettverk og for generelt godt velvere. Sandlie (2013) skriv at bustad er viktig for levekår for deltaking og inkludering. Ungdomane (Andersen et al., 2012) fortel at å få hjelp til bustad og oppfylging av eit ettervern var viktig for dei, fordi å handtere ein bustadsituasjon var ein av dei avgjerande faktorane for å klare å leve eit sjølvstendig liv.

”De gav mig sådan noget, som de kaldte botræning. Det var for eksempel at jeg skulle lave mad én gang i ugen (...) Jeg skulle også vaske tøj og rydde op og vaske op. Husholdning.” - Mads (Andersen et al., 2012, s. 31). Dette kan vise at kommunens bustadsosiale arbeid er nyttig i eit ettervern, som skal bidra med å lette overgangen inn i eit samfunn for ein tidlegare

rusmisbrukar. Eit ettervern som bidreg til bustad og vidare oppfylging kan vere nyttig for ein stabil bustadsituasjon, som visar seg å påverke andre viktige områder i eit menneske sitt liv.

På den andre sida kan det vere utfordrande å bli inkludert og normalisert i denne bustadsituasjonen. Ifylgje Sandlie (2013) kan ein dårleg bustadsituasjon føre til marginalisering, skam og stigmatisering. Wolfensberger (ref. i Tøssebro, 2004) seier at svakestilte grupper ofte vert segregert frå samfunnet, noko som vil føre til stigmatisering og marginalisering. Dette kan gjelde dei som vert plassert samla i kommunale bustadar. Ifylgje Goffman (2000) vert ein stigmatisert person nedvurdert og blir ikkje behandla på lik linje med andre. Dette vert jo motstridande til formålet med bustadsosialt arbeid og ettervernet, som er å sikre vanskelegstilte ein trygg busituasjon, vere ei tilpassingsform som skal lette overgangen til eit normalt samfunnsliv. Ettervernet skal normalisere og inkludere ved å busette folk, men kan få motsatt konsekvens som stigmatisering og marginalisering ved å plassere de saman i kommunale bustadar og ikkje saman med majoriteten. For at bustadsosialt arbeid skal virke inkluderande og normaliserande i eit ettervern, referere eg til Gonzales et al. (2014) si forskning som viser at det er viktig med eit hensiktsmessig ettervern. Å drive eit hensiktsmessig ettervern forstår eg ut i frå denne samanhengen at det er viktig å vere bevisst på *kvar* ein plasserar dei tidlegare rusmisbrukarane. Viss ikkje kan utfallet verte stigmatisering og marginalisering, som er mot formålet med ettervern. Stabilitet og kvalitet av plassering i bustad gir gode resultat, medan tilfeldig flytting fører til dårlegare resultat (Stein, ref. i Hjort & Backe-Hansen, 2008). Difor ser eg eit hensiktsmessig ettervern basert på velferdspolitikkk som sentralt i denne samanhengen, som skal sikre befolkninga si velferd og bidra til at vanskelegstilte skal leva eit ”normalt” liv på lik linje med andre (Hanssen, 2009).

6.2 Arbeid

Arbeid er viktig i eit ettervern. Dette underbygger eg med at arbeid gir betre livskvalitet og velvære, gir kjensle av likeverd og tilhøyre (Hernes, 2012). Lov om sosiale tjenester er basert på ein attføringsideologi, der vanskelegstilte skal først “tilbake i samfunnet” (Hanssen, 2009). NAV har som visjon av fleire skal i arbeid og har tiltak som skal gi moglegheit for alle å delta på arbeidsmarknaden (Brage et al., 2013). Eg ser difor Lov om sosiale tjenester i NAV (2009) som aktuell i eit ettervern som skal bidra til arbeid, fordi den er basert på ein attføringsideologi. Dette vil vere nyttig for ein rusmisbrukarar som har vore marginalisert frå arbeidsmarknaden, som ifylgje Hammer og Hyggen (2013) ofte er tilfelle.

Kommunen har ansvaret for å skape sikker inntekt og gi moglegheit for deltaking i arbeid (Helsedirektoratet, 2014). NAV kan tilby eit behovstilpassa program som skal bidra til at alle får tilhøve til å delta på arbeidsmarknaden. Dette kan innehalde kvalifisering, oppfylgning, avklaring, arbeidsutprøving og behandling. Ifylgje St. Meld. 46 (Arbeidsdepartementet (2012–2013) vil arbeid redusere økonomiske og sosiale skilnadar. Arbeid er og ei kjelde til inntekt, økonomisk tryggleik og sjølvrealisering. Ut i frå dette ser eg arbeid i ettervern som viktig, for å inkludere og lette overgangen til eit samfunn og bidra til eit sjølvstendig tilvere.

Ungdomane i Andersen et al. (2012) fekk hjelp av ettervernet med arbeid, oppfylgning og praktiske ting rundt det som dei sjølv syntes var vanskeleg i deira situasjon.

”Lars (fra ettervernet) vækede mig hver morgen. (...) Så sørgede han for, at jeg kom ordentlig op og på arbejde. Hver dag.” – Nicki (Andersen et al., 2012, s. 56). Dette viser at eit ettervern kan vere nødvendig for ein vanskelegstilt person som skal i arbeid. Det vil ikkje berre vere nyttig å hjelpe til med å finne arbeid, men og å gi oppfylgning.

“Forskning har vist at tidligere ledighet gir høg risiko for seinare ledighet” (Andress & Hammer, ref. i Hammer og Hyggen, 2013) Hammer og Hyggen (2013) skriv at personar med langtidserfaring frå arbeidsmarknaden ofte vert brennmerkte, der arbeidsløyse i seg sjølv vil vere stigmatiserande og føre til diskriminering for seinare arbeidsgjevarar. Dette viser at det kan likevel vere utfordrande for ein tidlegare rusmisbrukar å verte inkludert på arbeidsmarknaden, fordi han kan tidlegare ha vore utsatt for arbeidsmarginalisering. Ifylgje Hammer og Hyggen (2013) er arbeidsmarginalisering ofte tilfelle blant rusmisbrukarar.

Som tidlegare rusmisbrukar kan ein bere med seg eit stigma frå tidlegare bakgrunn (Goffman, 2000). I dette tilfelle kan det sjåast på som utfordrande fordi den nye arbeidsgjevaren kan stigmatisere ved å sjå vedkommande sin tilsynelatande sosiale identitet ut frå eigenskapar og tidlegare bakgrunn. Stigmatiseringa kan føre til at den tidlegare rusmisbrukaren vert mindre attraktiv på arbeidsmarknaden. Hammer og Hyggen (2013) referere til Nilsen og Reiso, som visar at dei som er arbeidsledige over tid kan utvikle sosiale haldningar og vanar som gjer det vanskeleg å kome tilbake i arbeid. Dette sjåast som “sjølvoppfyllande profeti”, som gjer at vedkommande vil identifisere seg med den tilskrivne posisjonen stigma, og bekrefte at han er annleis (Øia, 2013). Det vil altså ikkje gi kjensle av normalitet slik ettervernet, Lov om sosiale tjenester og velferdspolitikken, byggjer på.

Noregs velferdspolitikken byggjar på at “alle skal ha like moglegheiter, rettigheitar og plikter til å delta i samfunnet og bruke sine ressursar, uavhengig av økonomisk og sosial bakgrunn” (Arbeidsdepartementet, 2014), men er det slik? Ifylgje OECD (ref. i Hammer og Hyggen, 2013) krev dei fleste arbeidsplassane i Noreg utdanning og høg kompetanse. Dette kan for ein tidlegare rusmisbrukar vere utfordrande, fordi han ofte er langt nede på det sosioøkonomiske hierarkiet med låg utdanning (Schiefløe, 2011), eller har avbrote vidaregåande opplæring (Hammer og Hyggen, 2013). Ofte manglar han ferdigheiter og kunnskap på grunn av ein posisjon som tidlegare rusmisbrukar (Høgskulen i Østfold, arbeidsrapport 2003:3, ref. i Pedersen & Sandberg, 2011). I tillegg kan arbeidet vise seg å vere utfordrande i seg sjølv, då mange arbeidsstadar krev eit høgt arbeidstempo, jobbrotasjon og fleksibilitet. Dette kan vere utfordrande fordi mange vanskelegstilte treng stabile arbeidsforhold (Anvik, 2006, ref. i Hammer og Hyggen, 2013). Her kan mangel på arbeidserfaring òg vere ei utfordring, som Brage (2013) ofte seier er tilfelle blant dei som treng bistand frå NAV. Personen har kanskje ikkje opparbeid seg ferdigheiter i arbeid på grunn av tidlegare marginalisering, og det kan då tenkjast at det kan gjere det vanskelig å meistre seinare arbeidskrav.

Som vist kan tiltak frå kommunen vere nyttig i fleire tilfelle for å inkludere menneske i samfunnet. Men er det slik at hjelp frå kommunen alltid virkar inkluderande på arbeidsmarknaden, aukar den kollektive velferda og redusere sosiale og økonomiske ulikskapar? På den andre sida viser nemleg Hammer og Hyggen (2013) at dei som tidleg i karrieren får hjelp av sosialhjelpesystemet, har ein høgare risiko for arbeidsløyse seinare i livet, dårlegare arbeidsvilkår og har ei svakare tilknytning til arbeidsmarknaden. Dei som får hjelp av sosialtenesta hamnar ofte i midlertidige kontraktar og dårlegare framtidsutsikter (Hammer og Hyggen, 2013). Det er funne ut at attføringstiltak via NAV ofte skapar frustrasjon og barrierar for dei unge (Anvik, ref. i Hammer og Hyggen). ”Dei unge møter ofte systemet med eit ønske og ei forventning om å kunne bruke sin kompetanse, men mange får tilbud som dei oppfatter som lite målrettet og jobbrelevante sysselsettingstiltak” (Hammer og Hyggen, 2013, s. 23). Mange vert gåande frå tiltak til tiltak i lange periodar utan å kome i eit ordinært arbeid. Dette kan ifylgje Sandnes (2014) føre til arbeidsmarginalisering, ved at ein vert innelåst i «dårlege» jobbar som kjenneteiknar eit lågt lønnsnivå, midlertidige kontraktar og få karrieremoglegheiter. Dette kan vise at å få hjelp av kommunen kan føre til økonomiske og sosiale ulikskapar i samfunnet, og vil ikkje i alle tilfelle føre til normalisering og inkludering.

For å førebyggje ulikskapar og marginalisering ser eg det likevel som nyttig med bidrag frå kommunen sitt ettervern. Slik eg forstår det er det viktig å ta utgangspunkt i individuelle behov og ynskjer, slik at tenestene ikkje skapar frustrasjon og barrierar for tenestemottakaren. Eg ser det som sentralt å drive eit målretta ettervern som finn eit passende arbeid tidleg i prosessen, slik at dei unngår midlertidige kontraktar og vert gåande frå tiltak til tiltak. Å ta utgangspunkt i tenestemottakaren sine ynskjer og behov, understrekar ungdomane som har erfart ettervern er viktig (Bakketeig og Mathisen, 2008). Eg ser og dei yrkesetiske retningslinjene som seier at tenestemottakaren skal ha rett til å bestemme over som nyttig, då brukarmedverknad er som presisert viktig. Eit verkemiddel ettervernet kan nytte seg av er arbeidsevnevurdering og individuell plan. Arbeidsevnevurdering skal ta utgangspunkt i kva moglegheiter personen har og ikkje har, som kan vere nyttig i forhold til meistringskjensle og for å unngå nederlag. Individuell plan er brukarens plan, som skal ta utgangspunkt i vedkommande sine ynskjer og behov. Eg referere til Gonzales et al. (2014), som viser at det er viktig med eit hensiktsmessig ettervern som engasjerar den enkelte. Dette er for å unngå marginalisering og ulikskapar, og bidra til inkludering på arbeidsmarknaden.

6.3 Økonomisk rådgjevnad

Schiefloe (2011) skriv at rusmisbrukarar ofte har låg sosioøkonomisk status, som vil seie at dei har låg økonomi og utdanning. Som tidlegare nemnd vert rusmisbrukarar ofte marginalisert frå arbeidsmarknaden. Dette kan vise at denne gruppa kan ha økonomiske problem og gjeldsproblem. Då kan tiltak som økonomisk rådgjevnad etter Lov om sosiale tenester i NAV (2009) vere sentralt. Hensikta med økonomisk rådgjevnad er at ein skal vere i stand til å styre eigen økonomi. Den enkelte kan få hjelp med å blant anna gjere avtalar med dei ein skuldar pengar og søke gjeldsordning. Dersom ein person ikkje har kontroll over den økonomiske situasjonen, kan det tenkjast at det vil vere utfordrande å meistre ein bustadsituasjon òg. Ungdomane i Andersen et al. (2012) fortel at å ha orden på økonomien var for dei ein viktig del av å leve eit sjølvstendig liv, som er hensikta til ettervernet. Josefine fortel:

”Jeg var glad for tøy og sådan noget, så jeg brukte alltid mine penge de første par dage i månaden. Men det kom der orden på (...) De tog mig også med ut at handle og prøvde at lære mig, hvor man skulle handle billig ind, og vi lavede også madplaner.” (Andersen et al., 2012, s. 42)

Heum (2012) skriv at oppfylging og rådgjevnad er viktige verkemidler for å førebygge

marginalisering. Dette kan tyde på at økonomisk rådgjevnad kan vere nyttig i ein overgangsfase til eit sjølvstendig tilvere, og bør difor inkluderast i ettervernet.

6.4 Nettverksarbeid

Kommunen kan bidra til nettverksarbeid, då dei blant anna kan tilby aktivitetar saman med og utan majoriteten. Storø (2012) skriv at ein treng ikkje berre hjelp til praktiske ferdigheiter, men og til menneskeleg kontakt. Ifylgje Sletten (2013) er det ein verdi i seg sjølv å vere ein del av ei gruppe, då kontaktforhold er ei viktig kjelde til sosiale kompetanse, tryggleik og bygge sjølvkjensle. Maslow meiner at sosiale relasjonar er eit grunnleggjande menneskeleg behov (Tidemann, 2004). Sosial kapital er eit begrep som handlar om nytta av sosiale band, der nytta kan vere at ein lukkast i utdanning og på arbeidsmarknaden fordi ein får informasjon gjennom vennskapsnettverk (Heath, ref. i Sletten, 2013). Ungdomane fortel at det er viktig å vere saman med menneske som har god innverknad, og ikkje med personar som kan påverke i negativ retning (Andersen, 2012). ”*Hvis man er i en dårlig vennekreds, så skal den voksne oppfordre én til at søge ut til den vennekreds, som ville være lidt mer fornuftig at have*” - Katrine (Andersen et al., 2012, s. 63). Gonzales et al. (2014) referere til behandlingstudier, som viser at det ofte oppstår tilbakefall etter rusbehandling fordi ein oppsøkar tidlegare nettverk som har dårleg innverknad. At nettverk har dårleg innverknad på kvarandre kallar me negativ sosial kapital, og kan gjere overgangen til eit sjølvstendig tilvere vanskeligare (Sletten, 2013). Dette viser at det vil vere viktig med eit ettervern som bidrar til nettverksarbeid. Nettverk er som vist med på å lette overgangen til eit sjølvstendig tilvere, fordi nettverksbygging vil påverke fleire område som er sentralt i eit ettervern.

Kan det vere vanskelig for ein tidlegare rusmisbrukar å bli inkludert i eit nettverk? Sletten (2013) skriv at det å vere populær og ha aksept blant andre ser ut til å verne mot marginalisering. Forsking av Øia (2013) viser at blant anna moteriktige klede og det å vere flink i idrett er viktig for å vere populær. Underbygd av denne forskinga kan det tyde på at å kome inn i eit nettverk kan vere utfordrande for ein tidlegare rusmisbrukar. Som Hammer og Hyggen (2013) skriv er ofte rusmisbrukarar marginalisert frå viktige arenaer i livet, og marginalisering på ein arena førar ofte til marginalisering på ein anna. Dette kan tyde på at den tidlegare rusmisbruken kan ha vore marginalisert frå fleire arena som har vore viktig i livet hans. Vidare kan dette føre til at han ikkje har opparbeidd sosial kompetanse i nettverk eller ferdigheitar innanfor idretten som ville bidrege til popularitet. Det er som vist at for å unngå marginalisering er det viktig å få status i eit nettverk, men på grunn av tidlegare

marginalisering kan dette bli ei utfordring for ein tidlegare rusmisbrukar. Det kan då vere utfordrande å kome inn i eit nettverk utan å verte marginalisert.

Ei anna utfordring som kan tenkjast innan nettverksarbeid er stigmatisering, som kan oppstå på grunn av bakgrunn som tidlegare rusmisbrukar, som ifylgje Goffman (2000) ofte er tilfelle. At personen vert stigmatisert har ifylgje Goffman (2000) skade for sjølvkjensla, kjensla av identitet, medborgarskap og verdigheit. Ofte veit mange om ein person sin tidlegare bakgrunn, og kan ut i frå dette stigmatisere og holde avstand dersom personen har uynskja eigenskapar. Gjennom praksiserfaringa fekk eg inntrykk av at dette var typisk i små lokalsamfunn. Ein person som ikkje ruser seg ville i utgangspunktet vorte sosialt akseptert, men på grunn av bakgrunn som rusmisbrukar vert han ofte ikkje det. På grunn av si ruskarriere kan personen bli stilt i ein posisjon som gir eit negativt førestillingsbilete, og kan då verte nedvurdert. Denne posisjonen kan sjåast som ein hovedposisjon, der posisjonen som tidlegare rusmisbrukar vil framstå som meir dominerande og overstyre andre. Dette ser eg som ei utfordring når personen skal inkluderas i eit nettverk, fordi han vil ikkje verte sosialt akseptert på lik linje med andre på grunn av tidlegare bakgrunn.

Eit tiltak kommunen kan bidra med for unngå stigmatisering av tidlegare rusmisbrukarar kan vere å samle dei til fellesaktivitetar avskilt frå majoriteten. Ungdomane fortel i Andersen et al. (2012) at slike møter var viktige for å gi støtte og byggje vennskap. På den andre sida viser eg igjen til forskning av Gonzales et al. (2014) som seier at mange kan få tilbakefall dersom ein er saman med risikomiljø. I dette tilfelle er alle tidlegare rusmisbrukar og kan gi dårleg innverknad på kvarandre. Eg viser og til Wolfensberger (Tøssebro, 2004) som seier at dersom svakestilte grupper vert segregert frå samfunnet vil det føre til stigmatisering og marginalisering. Dette viser at å by på aktivitetar avskilt frå majoriteten kan vere utfordrande i overgangen til eit sjølvstendig tilvere.

Ut i frå viste funn kan dette tyde på at fellesaktivitetar saman med majoriteten og aktivitetar avskilt frå dei kan vere både nyttig og utfordrande for å lette overgangen for ein tidlegare rusmisbrukar inn i eit sjølvstendig tilvere, då begge delar gir ulike resultat og konsekvensar. Gonzales et al. (2014) viser at eit hensiktsmessig ettervern med ettervernstilbod og program som engasjerar er nødvendig. Eg meiner dette er viktig, underbygd med funna eg har vist til. Å arbeide ut i frå dei yrkesetiske retningslinjene og Lov om sosiale tjenester i NAV §42 (2009) ser eg som nyttig, som viser at tenestetilbodet skal ta utgangspunkt i

brukarmedverknad. For at ettervernet skal virke normaliserande og inkluderande påstår eg difor at eit nettverksarbeid som passar den enkelte brukar vil vere viktig, fordi alle har ulike ynskjer og behov.

6.5 Rehabilitering

Bakketeig og Backe-Hansen (2008) skriv at mange ettervernsprogram inkluderar rehabilitering. ”Rehabilitering skal ligge til grunn for tildeling og fordeling av sosiale ytelser” (Langeng og Stene, 2012, s. 261) Programmet gir opplæring i ferdigheiter som skal betra funksjons- og meistringsevna, sjølvstende og sosial deltaking. Rehabilitering skal ta utgangspunkt i den enkelte sine ressursar, behov og ynskjer, og har som mål at ein person skal i størst mogeleg grad fungere på bustad- og arbeidsmarknaden.

Som nemnt har mange rusmisbrukarar mykje å rehabiliterer i, fordi mange ferdigheitar og kunnskap har ikkje blitt lært gjennom tenåra, då personen kvalifiserte seg som rusmisbrukar i staden for (Høgskulen i Østfold, arbeidsrapport 2003:3, ref. i Pedersen & Sandberg, 2011). Storø (2012) skriv at ein treng ofte praktisk hjelp i ein utflyttingsfase, særleg dei med ei belasta fortid. Ungdomane i Andersen et al. (2012) fortel at å få hjelp til hushaldning var viktig i ei ny sjølvstendig tilvere, då dette var praktiske ting dei ikkje hadde lært eller hadde gløymt korleis skulle gjerast. Basert på dette ser eg rehabilitering som eit nyttig ettervernstiltak kommunen kan bidra med, for å betre overgangen til eit sjølvstendig tilvere. Rehabilitering vil vere nyttig i både bustad, arbeid og nettverksbygging, basert på dei utfordringane eg har nemnt tidlegare i oppgåva.

6.6 Individuell plan

Individuell plan skal bidra til at tenestemottakaren får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod, då planen skal vere skreddarsydd etter vedkomande sine behov og ynskjer. I Lov om sosiale tjenester i NAV §28 (2009) står det at alle som har behov for langvarige og koordinerte tenester har rett på individuell plan. Ut i frå dette ser eg individuell plan som ein viktig del av eit ettervern, fordi menneske med rusproblematikk har ifylgje Lossius (2011) ofte samansette problem og utfordringar, som eg òg har vist i oppgåva. Når ein skal setje i verk tiltak som skal førebyggje marginalisering og stigmatisering, og skal bidra til normalisering og inkludering, har eg som vist at bustad, arbeid, økonomisk rådgjevnad, rehabilitering og nettverksarbeid kan vere viktig. For å få eit heilskapeleg og

koordinert tilbod mellom tenestene, ser eg individuell plan som eit sentralt tiltak i ettervernet.

For at individuell plan vere brukaren sin plan, ser eg eit ettervern som arbeidar etter Lov om sosiale tjenester i NAV §42 (2009) og dei yrkesetiske retningslinjene til Fellesorganisasjonen (2011) som sentralt, som seier at tenestetilbodet skal utformast saman med tenestemottakaren. Dei yrkesetiske retningslinjene seier òg at tenesteapparatet skal ha eit heilskapssyn på menneske, då dei skal inkludere andre hjelpeapparat for i få eit heilskapeleg tenestetilbod. Ungdom som har erfart ettervern i Bakketeig og Mathisen (2008) understrekar at å ta utgangspunkt i individuelle behov er viktig. Etter å ha skrive denne oppgåva har eg fått inntrykk av at tett oppfølging, samarbeid og å ta utgangspunkt i individuelle behov er viktig i eit ettervern, og dette kan vise at ein individuell plan vil vere nyttig.

7.0 Avslutning

I denne oppgåva skulle eg svare på problemstillinga: ”Kva ettervernstiltak kan kommunen bidra med for å lette overgangen inn i eit sjølvstendig tilvere for ein tidlegare rusmisbrukar, og kva utfordringar kan vedkommande møte på i denne overgangen?”

Eit kommunalt ettervern kan bidra med fleire tiltak, og tiltaka vil variere frå kommune til kommune. Eg har teke utgangspunkt i begrepet levekår, velferdspolitikkk og Lov om sosiale tjenester i NAV (2009) for å gjere greie for tiltak som vil vere viktig i eit ettervern, då rett til ettervern ikkje er lovfesta. Dei mest sentrale tiltaka eg har kome fram til er arbeid, bustad, nettverksarbeid, økonomisk rådgjevnad, rehabilitering og individuell plan. Eg har funne via forskning, lovverk og teori at dei forskjellige tiltaka kan vere viktig for å inkludere, normalisere og unngå marginalisering. Eg har og funne ut at i deira posisjon som tidlegare rusmisbrukarar kan det vere utfordrande å kome tilbake til eit sjølvstendig tilvere, då marginalisering og stigmatisering vil gjere det vanskelig. Det er viktig med eit hensiktsmessig og målretta ettervern som tek utgangspunkt i individuelle behov og ynskjer som fører til meistring. Ein kan ikkje sette i verk tilfeldige tiltak utan meining, det vil som vist gjere det vanskelig i seinare tid. Tett oppfølging, råd og veiledning er og viktig. Kommunen bør ta utgangspunkt i Fellesorganisasjonen sine yrkesetiske retningslinjer, som viser at eit heilskapeleg menneskesyn og brukarmedverknad er viktig. I oppgåva har eg svara på kva kommunen kan gjere for å lette overgangen etter rusbehandling, og no vert vidare arbeid å oppretthalde dei ulike tiltaka og den rusfrie tilstanden.

Litteraturliste

Andersen, M., B., Henriksen, K. G., Horst M. N. (2012). “*Det gode ettervern. Tidligere anbragte unges positive fortellinger om ettervern*”. Sosialstyrelsen, 2012

Arbeids- og sosialdepartementet. (2012-2013). *Flere i arbeid*. Meld. St. 46 (2012–2013). Oslo: Departementet

Arbeids- og sosialdepartementet. (2014). Velferdspolitik. Hentet 23.04.2014 fra http://www.regjeringen.no/nb/dep/asd/tema/velferdspolitik.html?regj_oss=1&id=942

Bakketeig E. (2008). Innledning. I Bakketeig, E., & Backe-Hansen, E. (Red.), *Forskningsskunnskap om ettervern* (s. 17-32). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) Rapport 2008.

Bakketeig E., Mathisen A. S. (2008). Ungdommens egne stemmer. I Bakketeig, E. & Backe-Hansen, E. (Red.), *Forskningsskunnskap om ettervern* (s. 120-160). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) Rapport 2008.

Brage, S., Bragstad, T., Furuberg, J., Kann, I. C., Myklebø, S. (2011). Unge i kontakt med NAV – NAV’s betydning og rolle. I Hammer, T., Hyggen, C. (Red.). *UNG VOKSEN OG UTENFOR: Mestring og marginalitet på vei til voksenlivet* (s. 196-224). Oslo: Gyldendal Akademisk

Dalland, O. (2010). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Fellesorganisasjonen. (2011). Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsarbeidere. Hentet 02.05.2014 fra https://www.fo.no/getfile.php/01%20Om%20FO/Hefter%20og%20publikasjoner/Yrkesetisk_2011_lav%281%29.pdf

Forskrift om individuell plan i NAV. (2010). *Forskrift om individuell plan i arbeids- og velferdsforvaltningen*. 23.11.2010 . Hentet fra <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010->

11-19-1462?q=individuell+plan)

Goffman, E. (2000). *Stigma – om afvigerens sociale identitet*. Gyldendals samfundsbibliotek

Gonzales, R., Ang, A., Murphy, D. A., Glik D. C., Anglin, D. (2014). Substance use recovery outcomes among a cohort of youth participating in a mobile-based texting aftercare pilot program. *Journal of Substance Abuse Treatment.*, s. 1-7.

Haga, W. (2011) Legemiddelassistert rehabilitering (LAR) ved opioidavhengighet. I Lossius, K. (Red.) *HÅNDBOK I RUSBEHANDLING: Til pasienter med moderat til alvorlig rusmiddelavhengighet* (s. 332-349). Oslo: Gyldendal Akademisk

Hammer, T., Hyggen, C. (2013). Gårdagens arbeidsløse, morgondagens arbeidskraft? I Hammer, T., Hyggen, C. (Red.). *UNG VOKSEN OG UTENFOR: Mestring og marginalitet på vei til voksenlivet* (s. 183-194). Oslo: Gyldendal Akademisk

Hammer, T., Hyggen, C. (2013). Ungdom voksen – risiko for marginalisering. I Hammer, T., Hyggen, C. (Red.). *UNG VOKSEN OG UTENFOR: Mestring og marginalitet på vei til voksenlivet* (s. 13-25). Oslo: Gyldendal Akademisk

Hanssen, J.-I. (2009). *Kommunal sosialpolitikk*. I Stamsø M., A. (Red.), *Velferdsstaten i endring: norsk sosialpolitikk ved starten av et nytt århundre* (s. 200-232). Oslo: Gyldendal Akademisk

Helsedirektoratet. (2014). Behandling og oppfølging. Hentet 21.04.2014, fra <http://helsedirektoratet.no/psykisk-helse-og-rus/rusmiddelarbeid-i-kommunen/behandling-og-oppfolging/Sider/default.aspx>

Helse- og omsorgsdepartementet. (1998-99). *Ansvar og meistring*. St.meld. nr. 21 (1998-99). Oslo: Departementet

Hernes, T. (2012). Et bakteppe. I Hernes, T., Heum, I., Haavorsen, P. (Red.). *ARBEIDSINKLUDERING: Om det nye politikk- og praksisfeltet i velferds-Norge* (s. 13-41).

Oslo: Gyldendal Akademisk

Heum, I. (2012). Brukerrettet arbeidsmetodikk i NAV. I Hernes, T., Heum, I., Haavorsen, P. (Red.). *ARBEIDSINKLUDERING: Om det nye politikk- og praksisfeltet i velferds-Norge* (s. 196-227). Oslo: Gyldendal Akademisk

Hjelmtveit, V. (2009). *Sosialpolitikk i historisk perspektiv*. I Stamsø M., A. (Red.), *Velferdsstaten i endring – norsk sosialpolitikk ved starten av et nytt århundre* (s. 29-66). Oslo: Gyldendal Akademisk

Hjort J. L., Backe-Hansen E. (2008). Forskningsstatus. I Bakketeig, E., & Backe-Hansen E. (Red.), *Forskningsskunnskap om ettervern* (s. 33-68). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) Rapport 2008.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2011). *Rom for alle*. NOU 2011: 15. Oslo: Departementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2003-2004). *Om boligpolitikken*. St.meld. nr. 23 (2003-2004). Oslo: Departementet

Lossius, K. (2011). Om å ruse seg. I Lossius, K. (Red.) *HÅNDBOK I RUSBEHANDLING: Til pasienter med moderat til alvorlig rusmiddelavhengighet* (s. 21-37). Oslo: Gyldendal Akademisk

Langeng, P. I., Stene, E. (2012). Sosialt arbeid i nye omgivelser. I Hernes, T., Heum, I., Haavorsen, P. (Red.). *ARBEIDSINKLUDERING: Om det nye politikk- og praksisfeltet i velferds-Norge* (s. 258-283). Oslo: Gyldendal Akademisk

Lov om sosiale tjenester i NAV. (2009). *Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen m. v. av 18. Desember 2009 nr.131*. Hentet fra <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=lov+om+sosiale+tjenester>

NAV. (2014). Individuell plan. Hentet 23.04.2015, fra

<https://www.nav.no/Individuell+plan.355892.cms>

NAV. (2014). Tiltak for å kome i jobb. Hentet 02.04.2014, fra <https://www.nav.no/Arbeid/Tiltak+for+å+komme+i+jobb>

NAV. (2014). Økonomisk rådgivning. Hentet 02.04.2014, fra <https://www.nav.no/Sosiale+tjenester/Økonomisk+rådgivning>

Pedersen, T., Sandberg, J. K. (2011). Fagutvikling i ettervern for tidligere rusmisbrukere. *Nav Alta, April 2011* (s. 3-18). Hentet 01.04.2014 fra http://biblioteket.husbanken.no/arkiv/dok/Komp/04/Fagutvikling_ettervern.pdf

Sandnes, T. (2014). Innledning. I Sandnes, T. (Red.). *Ungdoms levekår* (s. 11-24). *Statistisk sentralbyrå, 2014*. Hentet fra http://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/_attachment/117607?_ts=13f13996378

Sandlie, H. C. (2013). På terskelen til egen bolig. I Hammer, T., Hyggen, C. (Red.). *UNG VOKSEN OG UTENFOR: Mestring og marginalitet på vei til voksenlivet* (s. 167-182). Oslo: Gyldendal Akademisk

Schiefloe, P. M. (2011). *"Mennesker og samfunn"*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Sletten, M. A. (2011). Betydningen av å lykkes sosialt i ungdomstiden – er ”dårlige venner” bedre enn ingen venner? I Hammer, T., Hyggen, C. (Red.). *UNG VOKSEN OG UTENFOR: Mestring og marginalitet på vei til voksenlivet* (s. 129-146). Oslo: Gyldendal Akademisk

Storø, J. (2012). Ettervern - er det noen som driver med det da? Hentet 02.05.2014, fra http://adsum.no/Ettervern_-_er_det_noen_som_driver_med_det_da.html

Store Norske Leksikon. (2014). Ettervern. Hentet 05.04.2014, fra <http://snl.no/ettervern>

Støren, I. (2013). *BARE praktisk veiledning i å skrive litteraturstudier SØK!* Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Tideman, M. (2004). Socialt eller isolert integrert? I Tøssebro, J. (Red.), *Integrering og inkludering (s. 121-140)*. Sweden: Studentlitteratur 2004

Tøssebro, J. (2004). Introduksjon. I Tøssebro, J. (Red.), *Integrering og inkludering (s. 11-42)* Sweden: Studentlitteratur 2004

Øia, T. (2013). *UNGDOM, RUS OG MARGINALISERING*. Oslo: Cappelen Damm akademisk



SKJEMA TIL BRUK VED INNLEVERING AV SJØLVVALT PENSUM

Retningslinjer for sjølvvalt pensum:
Sjølvvalt pensum skal vere 400 sider.
Alt sjølvvalt pensum skal godkjennast av høgskulen.

Forfatter	År	Tittel	Forlag	Side fra- til	Side r totalt

Lossius, Kari	2011	<i>Rushåndbok i rusbehandling</i>	Gyldendal Akademisk	338-339	32
Bakketeig, E., Backe-Hansen, E.	2008	<i>Forskningsskunnskap om ettervern</i>	NOVA Rapport 17/2008	44-52, 120-144, 218-239, 274-293,	72
Øia, T.	2013	<i>Ungdom, rus og marginalisering</i>	Cappelen Damm	28-45, 108-114 139-147	31
Hammer T., Hyggen C.	2013	<i>Ung voksen og utenfor – mestring og marginalitet på vei til voksenliv</i>	Gyldendal Akademisk	13-23, 28-44, 110-127, 130-146, 167-178, 196-222, 227-232	101
Andersen M., Henriksen K., Horst M.	2012	<i>Det gode ettervern</i>	Socialstyrelsen	13-83	70
Jan Tøssebro	2004	<i>Integrering och inkludering</i>	Studentlitteratur	22-25	3
Rachel Gonzales, Ph.D., M.P.H., Alfonso Ang, Ph.D., Debra A. Murphy, Ph.D., Deborah C. Glik, Sc.D., M. Douglas Anglin, Ph.D	2014	<i>"Substance use recovery outcomes among a cohort of youth participating in a mobile-based texting aftercare pilot program"</i>	Journal of Substance Abuse Treatment	1-7	7
Kommunal og moderniseringsdepartementet	2009	<i>Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen</i>		1	1
Kommunal og moderniseringsdepart	2003-2004	St.meld. nr. 23		40-55	15

ementet		<i>Om boligpolitikken</i>			
NAV		<i>Økonomisk rådgivning</i>			1
Storø, J.	1997	<i>Ettervern – Er det noen som driver med det da?</i>		1-15	15
SNL		<i>Ettervern</i>			1
Nav Alta	2011	<i>"Fagutvikling i ettervern for tidligere rusmisbrukere: prosjektrapport til Husbanken avdeling Hammerfest",:</i>	Norges barnevern 3/1997	1-19	19
Robert J. Williams, Samuel Chang og Addiction centre adolcent research group (canada)	2000	<i>"A Comprehensive and Comparative Review of Adolescent Substance Abuse Treatment Outcome",</i>	Prosjektrapport til Husbanken avdeling Hammerfest	138-166	28
Gro Lie & Inger Granby	2011	<i>Mennesket bak rusen</i>	Foothills medical center, calgary, alberta, canada	81-90, 107-121, 145, 156-157, 179-182	20

Totalt sider: 416

Studium: Sosialt arbeid
 Namn: Guro Torpe
 Godkjent:

student

rettleiar

